



Lokal avtale, Kvinnherad vidaregåande skule, russefeiring 2017-2018

Fylkesdirektør opplæring ser det som viktig at skulane har ei lik praktisering av dei lover og reglar som gjeld i skuleverket, og at desse vert følgt også gjennom russetida.

Rektor har ansvar for å skape ei felles forståing for regelverket, og at det er eit fortløpande og god dialog mellom russestyret, skuleleiinga og elevinspektør og at det vert skriv ein forpliktande lokal avtale på bakgrunn av dei lover, forskrifter og sentrale skriv som gjeld.

Avtalen under omhandlar viktige punkt som vert lagt til grunn for samarbeide mellom russen. Avtalen legg til grunn følgjande føresetnadar

1) Alle elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø

Opplæringslova set krav til dei lokale avtalane, mellom anna gjennom vidareføringa av **§ 9 A-2 «Retten til eit trygt og godt skulemiljø; Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring»**. Det lovfesta kravet om nulltoleranse for mobbing i nye § 9 A er ei tydeleg skjerping. **§ 9 A-3 «Nulltoleranse og systematisk arbeid; Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort»**.

Dette punktet er ufråvikeleg og gjeld og for alle aktivitetar

2) Skulereglementet gjeld i heile russetida og for alle arrangement, tilstellingar og aktivitetar som er i regi av russen eller delar av russekullet.

Rektor viser særskilt til § 4 Pliktene til elevane i «Fortskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland», der det under 8) står følgjande:

8) Følgjande handlingar er forbodne

- a. *Vald, truslar, tjuveri, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane p.g.a. seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtferd skal ikkje førekome.*
- b. *Krenking og trakassering av andre gjennom sosiale medium skal ikkje førekome.*
- c. *Elevane skal ikkje laste ned, lagre eller spreie pornografisk, rasistisk eller anna materiale som kan verke krenkjande og/eller er i strid med norsk lov.*
- d. *Elevane skal ikkje spreie lyd- og/eller bildeopptak av andre elevar, lærarar eller andre tilsette utan deira samtykke.*
- e. *Det er forbode å ha farlege gjenstandar, våpen eller våpenliknande gjenstandar på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.*
- f. *Det er forbode å vere påverka av, bruke, oppbevare eller selje rusmiddel på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.*

3) Russefeiring og skulen si rolle

16.02.2012 vart det offentleggjort eit skriv om russefeiring og skulen si rolle. Skrivet er forankra i eit samarbeid med fleire aktørar, mellom anna Utdanningsdirektoratet - *Russefeiring og skolens rolle*. Her eit utdrag med både krav og forventningar:

Hva er elevane sitt ansvar?

- *Alle elever skal følge skolens ordensreglement og andre regler som gjelder på skolen.¹ Dersom noen elever ikke følger reglene, skal det være klart hvilke sanksjoner som gjelder.*
- *Elevene har ansvar for å møte fram til og delta aktivt i opplæringen. Stort fravær kan resultere i at læreren ikke har tilstrekkelig grunnlag for å vurdere elevens kompetanse og å sette standpunktkarakter.*
- *Elevene skal ikke kunne forvente at skolen tilpasser skolehverdagen til russens arrangementer.*
- *Elevene kan heller ikke forvente at skolen tilpasser heldagsprøver, lar elevene gjennomføre prøver på andre tidspunkter enn det som skolen har bestemt, eller utsetter frister for ferdigstilling av elevarbeider.*

4) Førebygging av diskriminerande åtferd og handlingar.

For Hordaland fylkeskommune er det utarbeida handlingsplan som skal førebygge diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar.

Link:

[Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i Hordaland fylkeskommune.](#)

Mål 1, tiltak 2 er direkte retta mot russefeiring. Her står det blant anna at «*Skuleeigar skal sjå til at lhbt-perspektiv vert trekt inn i planlegging og samarbeid knytt til russefeiringa*». Planen skal vere kjend både for elevråd og russestyre. Planen skal gjennomgåast med elevar på tredje-trinnet.

5) Rus og bruk av rusmiddel.

I vår vart det sendt ut ei presisering rundt russedåp og servering av alkohol på offentlig stad. Fylkesdirektør opplæring viste der til alkohollova § 8-9 *Serverings- og drikkeforbod*. Rektor har plikt til å sørge for at denne informasjon er gjort kjent for russekullet ved Kvinnherad vidaregåande skule.

Som skule har vi eit felles ansvar for at det er trygge ramme for russedåp og liknande. , må det vere eit vilkår at arrangement er i samsvar med m.a. alkoholovgjevinga og innanfor ei rimeleg tidsramme. Fylkesdirektør oppmodar rektor om dialog med russestyret om lovkrav, konsekvensar og moglege løysingar innanfor rammene. Arrangement knytt til russefeiringa er som før i russen sin eigen regi og på eige ansvar, noko som avgrensar skulane si rolle.

¹ Fråværsreglementet (Fraværsgrense UDIR 3-2016) gjeldande frå 01.08.2016 er gjeldande reglement.
<http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Vitnemal/fravarsgrense---udir-3-2016/>



Fylkesdirektør opplæring ser positivt på rusfrie arrangement i samarbeid med russen. Trivselsvakter, t.d. føresette, kan vere eit aktuelt tiltak i samarbeid med russen, og skular kan ha god nytte av å utveksle ulike erfaringar.

6) Sosiale medium

Russetida dreier seg ikkje berre om russ, men påverkar òg dei andre elevane og tilsette på skulen. Gjennom mange år har russen operert med svartelister eller terrorlister; lister som har som mål å ramme på individ- eller gruppenivå. Sosiale medium og eigne nettsider spreier informasjon med namn på dei som vert utsett for truslar om terror. I eit innlegg i Aftenposten i 2016 [Det er russetid og jeg er livredd](#), set ein Vg1-elev ord på korleis mange elevar har det i russetida: «*Jeg er nok ikke den eneste førsteklasingen på videregående som kommer til å gå livredd rundt på skolen fordi russen alltid skal ta oss*». Mobbeombodet i fylkeskommunen har fått melding frå mange elevar som kjenner seg truga og er redde. Svartelister/terrorlister er ein ukultur, men på fleire skular i landet er det no gjennom tett samarbeid med russen skapt ei endring, der terrorlistene ikkje lenger har aksept. Fylkesdirektør opplæring oppmodar skulane til aktivt å arbeide mot alle typar lister som kan opplevast som krenkjande og skremmande for elevar gjennom å vise til § 9 A-3, og konsekvensane for ikkje å følgje opp innhaldet i denne paragrafen.

7) Anna

På [heimesida til mobbeombodet](#) er det lagt ut refleksjonsoppgåver som kan vere nyttige i samarbeidet med russen lokalt på skulen.

Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune² er eit forpliktande dokument som konkretiserer krava til den enkelte elev, som her under § 4.

SAMHANDLINGSAVTALE MED RUSSEKULLET 17/18

KVV ynskjer at russetida skal vera ei tid alle kan minnst med glede. Dette gjeld russekullet, andre i skulesamfunnet vårt og lokalsamfunnet. Vi ser ikkje at russetida ved KVV har ført til store vanskar, men ynskjer å ha ein avtale om felles "køyrereglar".

Vi trur at god kommunikasjon mellom russ, administrasjon og resten av skulesamfunnet er det beste tiltaket for ei fin russetid. Det er viktig at alle russane vert gjort kjend med innhaldet i denne avtalen.

For å unngå uheldige episodar har skulen saman med russen kome fram til denne avtalen:

1. Russen skal ta omsyn til elevar, lærarar og andre tilsette i skulesamfunnet

vårt.

- a) Ikkje nytta plakatar og liknande som hetsar andre.
- b) Ikkje søla med vatn innandørs.
- c) Ikkje kasta egg på skulen sitt område.
- d) Ikkje nytta knutereglar om fører til vanskar for andre.
- e) Ikkje nytta bilar til ansvarslaus køyring på skulen sitt område.
- f) Ikkje forstyrre undervisninga for andre i klassen.
- g) Ikkje nytta "svartelister" over elevar eller andre.
- h) Ikkje legge ut bilete, videosnuttar eller annan informasjon på nettet som kan opplevast sårande for andre.

2. Russen skal fylgja ordensreglementet vårt.

Det kan vera greitt å presisere fylgjande:

Det er ikkje lov å bruka eller oppbevare nokon form for rusmiddel på skulen sitt område, eller møte rusa til undervisning og/eller på skulen.

3. Russen skal ta omsyn til naboskulane og lokalsamfunnet.

- a) Ikkje køyra med russebilar/bilar på skuleområda eller vegar som går gjennom skuleområda.
- b) Ikkje delta / legge opp til "eggekrig" eller liknande på skuleområdet eller andre offentlege områder.
- c) Ikkje true eller sjikanere elevar frå ungdomsskulen.
- d) Russetida er sett til perioden **25. april til og med 17. mai**. I denne tida kan russekleda nyttast på skulen.
- e) Elevinspektør kan gje dispensasjon i einskildhøve.

4. Forbod mot privat reklame og sal på skulane.

Kjøp og sal av russeutstyr kan ikkje finna stad på skulen sitt område.

14.11.2017

Dato

Ass. rektor,

Gry Hege Grønningen

For. Rektor

Kristian Ebes

Russepresident